Sandane
948 55 555 Taxi

For å tinge drosja må du ringe ringe drosjesentralen på Sandane seinast kl 20.00 dagen før.

Telefon: 948 55 555



Har du spørsmål som du ikkje har fått svar på i dette flygebladet, så kan du kontakte Gloppen Kommune

Telefon 57 88 38 00

Layout: Siv K Haugen—Servicetorget 2017

# SERVICESKYSS I GLOPPEN




## GLOPPEFJORD-OMRÅDET

GLOPPEN FRIVILLIG SENTRAL

Sandane
948 55 555 Taxi

| ***Serviceskyss i Gloppefjordenområdet.*** | **Dag** | **Avreise "ytterpunkt"** | **Retur frå Sandane** |
|---|---|---|---|
| **Nordsida av Gloppefjorden: Hjelmeset, Andenes, Ryssfjøra, Fjellbygda, Vereide, Eide, Ryssdal, Søreide, Bukta** | **Fredag** | **09.30** | **13.00** |
| **Kandal** | **Fredag i oddeals-veker** (v: 15, 17 osv) | **09.30** | **13.00** |
| **Sørstranda: Rauset, Sande, Grov, Rygg, Gimmestad, Moane, Arnestad** | **Tysdag** | **09.30** | **13.00** |
| **Hestenesøyra – forlenging av sørstrandsruta** | **Tysdag i oddetals-veker** (v: 15, 17 osv) | **09.15** | **13.00** |

Dette er ei ordning der ei drosje hentar deg på tunet og køyrer deg til Sandane. Etter ca tre timar køyrer drosja deg (og alle handleposane dine) heim att. Du må berre hugse å ringe drosja dagen før du skal nytte deg av ordninga.

## Kva kan du nytte ruta til?

Kanskje ønskjer du å møte andre til fredagskaffi og samtale på Gloppebua eller vere med på andre aktivitetar i Sandaneområdet? Kanskje ønskjer du å besøke einkvan på Gloppen omsorgssenter? Eller kanskje har du tinga deg frisørtime eller time med tannlegen - eller kanskje skal du berre handle litt og treffe folk? Sjølvsagt kan du også gå av ruta undervegs - om det er nokon du skal besøke - og bli henta att når ruta returnerer. Ruta er for alle – ikkje berre for pensjonistar og funksjonshemma!



## Korleis tingar du ruta heim på tunet der du bur?

***Seinast klokka 20:00 dagen før*** du skal nytte deg av ruta ***må du ringje drosjesentralen*** på Sandane – ***tlf 948 55 555*** - slik at drosjeeigar veit kvar han skal køyre og kor stor bil han vil trenge.

## Kostnad med reisa

Dette er verkeleg billeg! Skyssen kostar deg kr **30,-** kvar veg. Billegare tur til Sandane får du ikkje, med mindre du går eller syklar.